

Utgreiing kommunestruktur – mandat

Oppdragsgjevar

Eidfjord kommune, Granvin herad, Ullensvang herad og Ulvik herad.

Bakgrunn

Regjeringa la 14. mai 2014 fram Kommuneproposisjonen for 2015. I proposisjonen vart innhaldet og tidsplanen i den varsla kommunereforma nærare skissert. Hovudinnhaldet i proposisjonen vart seinare stadfesta av eit fleirtal på Stortinget.

Etter framlegginga av Kommuneproposisjonen vart det halde møte på ordførarnivå i kommunane Eidfjord, Granvin, Ullensvang og Ulvik om mogleg utgreiing av samanslåing av desse fire kommunane. Ein vart samde om å fremje sak om dette til kommune-/heradsstyra, og før sumaren 2014 vart det fatta vedtak i alle kommunane om at dette alternativet skal utgreiast nærare som ein del av handsaminga av kommunereforma. Ordførarene i dei respektive kommunane fekk oppdraget med å føra dette arbeidet vidare.

Mandatet her skildrar nærare kva utgreiinga av ein eventuell ny kommune samansett av Eidfjord kommune, Granvin herad, Ullensvang herad og Ulvik herad skal innehalde og kva tema som særskilt skal vurderast nærare.

Målsetting

Utgreiinga skal vera ein del av grunnlaget som innbyggjarane i dei fire kommunane vert invitert til å uttala seg om i kommunane sitt vidare arbeid med framtidig kommunestruktur. Utgreiinga skal difor kunne gi svar, avklaringar og utfyllande informasjon på ein rekkje område som ein legg til grunn at innbyggjarane og dei folkevalde vil vere oppteken av når ein skal handsame saka om kommunereform.

Det er viktig å peika på at ei slik utgreiing ikkje vil kunne gi eit fullstendig bilete av korleis ein eventuell ny kommune vil sjå ut og korleis tenestetilbod og andre kommunale oppgåver vil bli organisert og lokalisert. Dette er i høgste grad spørsmål av politisk karakter og som det er opp til kommunestyret i ein eventuell ny kommune å avgjere. Likevel er det ikkje uvanleg i samband med kommunesamanslåingar at dagens folkevalde i dei ulike kommunane forfattar ein felles uttale om hovudprinsippa som bør liggja til grunn for ein ny kommune. Ein slik eventuell uttale i føreliggjande tilfelle vil supplera utgreiinga og gi innbyggjarane betre høve til å vurdere korleis kvardagen deira i ein eventuell ny kommune vil sjå ut. I veilederen står såleis mellom anna fylgjande om politikarane si rolle i dette, sjå s. 14:

“Politikerne må formulere konkrete mål for sammenslåingen. Ein intensjonsavtale som kan si noe om fordeling av tjenestesteder, hvordan en kan utnytte ressursene bedre, hvordan en sammen kan stå bedre rustet til å møte framtidens krav og forventninger.”

ULVIK HERAD	
Sak id	14/268-12
	28 OKT 2014
Ark nr	002
S.bh:	JOK Kopi: HPT

Organisasjon

Rådmennene i Granvin, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang er *styringsgruppe* for den administrative utgreiinga som vert omtala i dokumentet her. Ein ekstern *koordinator* har ansvaret for utgreiinga slik ho vert skildra nedanfor. Styringsgruppa vil så vurdere utgreiinga, og overlevera utgreiinga til ordførarane/formannskapa/heradsstyra i dei fire kommunane med eventuelle tilleggskommentarar/-vurderingar.

Styringsgruppa vil vera bindeleddet mellom koordinator og dei einskilde kommunane. Det er naturleg at det er dialog mellom koordinator og styringsgruppa i høve mandatet og eventuelle tilpassingar av dette undervegs i prosessen. Det er òg naturleg at det er dialog mellom styringsgruppa og dei folkevalde (sjå eigen informasjonsplan).

Hovudtemaer i utgreiinga

Utgangspunkt

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gitt ut «Veien mot en ny kommune. Veileder for utredning og prosess». Utgreiinga her skal vera i samsvar med dokumentet, slik at spørsmål som vert tilrådd drøfta i veilederen vert utgreidd.

Mellom anna «må» alle kommunar vurdere fylgjande kriterier, jf veilederen s-4:

- 1) Tilstrekkeleg kapasitet
- 2) Relevant kompetanse
- 3) Tilstrekkelig distanse
- 4) Effektiv tjenesteproduksjon
- 5) Økonomisk soliditet
- 6) Valgfrihet
- 7) Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
- 8) Høy politisk deltakelse
- 9) Lokal politisk styring
- 10) Lokal identitet.

Utgreiinga må innehalda vurderingar av den eventuelle nye kommunen sine fire viktigaste roller, sjå veilederen s. 7:

- Kommunen som «tjenesteyter»
- Kommunen sin «myndighetsutøvelse»
- Kommunen som «samfunnsutvikler»
- Kommunen som «demokratisk arena».

Sams identitet og sams utfordringar i dei ulike kommunane kan vera viktig ved samanslåing av kommunar. Utgreiinga skal difor innehalda kartlegging av i kva grad Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin har *sams identitet* og *sams utfordringar*.

Nærmare om innhaldet i utgreiinga

Nedanfor er det trekt fram tema/spørsmål/vurderingar som må vera del av utgreiinga, og som styringsgruppa vurderer som særskilt viktige.

«NY KOMMUNE»

Kommunal og moderniseringsdepartementet har gitt ut verktøyet «NY KOMMUNE». I utgreiingar i samband med kommunestruktur er det vanleg å ta inn ein del fakta om noverande og framtidig kommune basert på kjent statistikk og prognosar; typisk demografiske tilhøve som folketal, alderssamansetning og busetjing. «NY KOMMUNE» skal vere til hjelp i dette arbeidet ved å presentera standardiserte faktaoppsett for dei ulike kommunane i ei interaktiv løysing. Oppsettet skal erstatta dagens praksis med støtte til ein skilde samanslåingsalternativ. Føremålet med ei slik samanstilling av fakta skal vere å gi kommunane informasjon om utfordringar og utviklingstrekk for kvar enkelt kommune og regionen som heilheit. **Det standardiserte faktaoppsettet i «NY KOMMUNE» skal innarbeidast i utgreiinga.**

Tidlegare utgreiing

I 2006 utarbeidde firmaet Asplan Viak ein rapport kalla «Utgreiing av ny kommunestruktur i Hardanger». Eit av alternativa som ein der såg nærare på var ein kommune sett saman av dei fire kommunane nemnt ovanfor. Rapporten inneheld difor ein del opplysningar av generell karakter som også kan nyttast i utarbeidinga av føreliggjande utgreiing.

Reglar og virkemiddel ved endringar av kommunestruktur

Utgreiinga skal òg innehalde ei **faktabasert framstilling av kva reglar og virkemiddel som er gjeldande ved endringar av kommunestruktur**, inkludert rettighetene til arbeidstakarane. Framstillinga skal kunne nyttast som informasjonsgrunnlag i det vidare arbeidet med kommunereform. I skrivande stund er det ukjent om kommunal- og moderniseringsdepartementet vil kome med ei slik framstilling, eventuelt om dette er noko som vert utarbeida av Fylkesmannens prosessveileidar eller KS. I så fall kan ei slik framstilling innarbeidast i utgreiinga.

Utover dei generelle forholda nemnt ovanfor, vil det i det fylgjande bli peika på nokre tema som er vurdert som sær viktig å greie ut. Ein ynskjer her ikkje berre ei vurdering ut i frå generelle høve, men og ei konkret vurdering opp mot ein eventuell ny kommune samansett av Eidfjord kommune, Granvin herad, Ullensvang herad og Ulvik herad.

Økonomi

Ein viktig del av utgreiinga vil vere å kartleggje alle økonomiske forhold som vil vere viktige for den samla økonomien i ein eventuell ny kommune. Eit slikt oversyn er naudsynt for at folkevalde og innbyggjarar skal kunne vurdere korleis føresetnadane for å skape gode framtidige tenester vil vere i ein eventuell ny kommune.

I tillegg til å gi ei vurdering av den samla økonomien til ein eventuell ny kommune skal utgreiinga såleis seie noko om:

- Kva økonomiske stimuleringsmidlar ein eventuell ny kommune vil få frå sentralt hald

- Statlege rammeoverføringar
- Skatteinngang
- Eigedomsskatt
- Konesjonsavgift
- Konesjonskraft og andre inntekter relatert til kraftproduksjon
- Eigarskap i selskap som genererer avkasting eller på annan måte kan gje inntekter til ein eventuell ny kommune
- Gjeld
- Fond
- Investeringar.

Kommunen som tenesteytar

- Kort oppsummering av kva som er ein kommunes ansvarsområde når det gjeld tenesteproduksjon
- Kartlegging av dagens ressursnivå i dei fire kommunane innan dei største tenesteområda Oppvekst, PLOMS, Helse og Sosial og Teknisk.
 - I tillegg er det naudsynt med ein oversikt over kva ressursar sentraladministrasjonen i dei fire kommunane har i dag
- Kartlegging av tenestenivået i ein eventuell ny kommune samanlikna med dagens situasjon
- Innsparingspotensiale og stordriftseffektar

Næringsutvikling

Det skal gjerast ei samanstilling av næringsstruktur i dei fire kommunane og ei vurdering av vekstmoglegheiter og sysselsettingsmoglegheiter i ein eventuell ny kommune, inkludert moglegheitene for å tiltrekke seg større private og/eller offentlege etableringar.

Kultur og idrett

Det skal gjerast ei vurdering av korleis føresetnadane i ein eventuell ny kommune vil vere for:

- Vekst og utvikling av frivillig kulturliv og idrettsaktivitet
- Innbyggjarane sin tilgang til kulturtilbod
- Kulturell identitet og tilhørigheit

Fjellforvaltning

Forvaltning av fjellområde er viktig for fleire av kommunane, og utgreiinga skal gje oversikt over korleis denne forvaltninga er organisert i kommunane i dag. Det er naudsynt med ein dialog med dei eksisterande fjellstyra for å sjå korleis fjellområda kan forvaltast i ein eventuell ny kommune.

Kommunen som demokratisk arena

- Samanlikna dagens utfordringar i dei fire kommunane
- Kva utfordringar, fordelar og ulemper vil ein eventuell ny kommune innebere med tanke på å gi innbyggjarane moglegheit til å påverke politiske prosessar og avgjersler?
- Korleis vil ein eventuell ny kommune sin evne til å påverke samfunnsutviklinga i kommunane/regionen vere, som til dømes innan område som infrastruktur,

samferdselstilbod, utdanningstilbod utover grunnskule og lokalisering/utføring av fylkeskommunale/statlege tenestetilbod.

Skisse til løysing av oppdraget

Før arbeidet vert sett i gang, føreset ein at oppdragstakar presenterer ei skisse på korleis ein ser føre seg å løyse oppdraget.

Avlevering

Det er naudsynt av innbyggjarane og dei folkevalde i dei fire kommunane får tilstrekkeleg tid og moglegheit til å vurdere utgreiinga på ein grundig og adekvat måte i arbeidet med kommunereform. Ut i frå regjeringa sin skisserte framdriftsplan for reforma bør utgreiinga difor ferdigstillast sumaren 2015. Endeleg leveringstidspunkt må avtalast etter at oppdragstakar/leverandør er vald.

Utgreiinga skal leverast i MS Word-format og dei fire kommunane har rett til å nytte heile eller deler av denne i sin interne og eksterne kommunikasjon og saksutgreiing.

